



Frank Carlsen
Svindalsvegen 150
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6546 - 15/31813

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
08.10.2015

Vedrørende dykkar tilbakemelding på vår sakhandsaming - GBNR 23/2 Svindal - mur

Det vises til dykkar skriv motteken her den 18.08.2015.

Etter det vi er kjent med har ikkje byggesak vore involvert i denne saka før vi mottok dykkar søknad.

Vedtaket datert 22.09.2011 er ikkje eit byggjeløyve. Vedtaket er eit avkøyringsløyve som er gitt på vilkår. Punkt 5 i vedtaket frå Teknisk drift lyder:

«Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunevegen på kvar side av avkjørsla. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ei sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 60m til kvar side (målt langs kant kommunal veg). Siktsona skal være fri for sikthindringar som fjellknaus, hekk, buskvekstar, byggverk og andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.»

Teknisk drift har i sitt brev datert 22.05.2012 opplyst at «avkjørsla ikkje er godkjent før alle vilkår i avkjørselsløyve er stetta». Vidare skriver Teknisk drift at:

«Vi syner til punkt 5 i vilkår i løyve datert 22.09.2011 der det står at siktsona skal være fri for sikthindringar, her under fjellknaus, som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Fjellknaus må fjernast slik at krav til sikt vert tilfredsstilt.»

Krava til avkjørsle er sett av Teknisk drift som lokal vegmynde.

Byggesak har ikkje godkjent oppføring av mur eller konstruksjonar langs denne strekninga. Plassering av muren skal etter det som er opplyst av teknisk drift plasserast på gnr 23 bnr 9 som også er kommunens eigedom.



Oppføring av mur her, er i strid med arealføremålet LNF. Skal motteken søknad handsamast må det sendast inn ein søknad om dispensasjon frå arealføremålet i plan. Vi vil be at de sender inn etterspurt dokumentasjon. Dersom vi ikkje mottek dokumentasjonen innan den 19.11.2015 vil søknaden bli arkivert utan vidare handsaming. Saka vil då kunne forfølgjast som tilsynssak.

Kopi av dette skrivet er sendt Teknisk drift til orientering. Vi gjer merksam på at lokal vegmynde kan sjølv forfylgje saka etter veglova, sjå til dømes veglova §§ 40 – 43 og uavhengig av dette brevet.

Dersom de ynskjer rettleiing i saka kan de ta kontakt med byggesaksvakta mellom 09.00 og 15.00 tirsdager og torsdager.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Teknisk drift

Mottakarar:
Frank Carlsen

Svindalsvegen 150 5913

EIKANGERVÅG